



## Samarbeidsavtale mellom Osterøy kommune og Osterøy idrettsråd

### 1. Bakgrunn og mål med avtalen

Kommunen og idretten har eit felles mål om å stimulere og legge til rette, slik at alle kan vere fysisk aktiv i nærmiljøet og ta del i organiserte aktivitetar.

Målet med avtalen mellom Osterøy kommune og Osterøy idrettsråd er å styrkje det naudsynte samspelet mellom kommunen og den frivillige idretten. Avtalen skal bidra til å klargjere viktige prinsipp, gjensidige krav og forventningar.

### 2. Idrettsrådet sin formelle status i forhold til kommunen

Idrettsrådet er eit samordningsorgan for idretten i Osterøy kommune, valt av- og blant idrettslaga i kommunen. Idrettsrådet er eit organ for den frivillige idrettsbevegelsen knytt til Norges idrettsforbund og olympiske komité og skal arbeida ihht gjeldande lover og reglar som er vedtatt på idrettstinget. Idrettsrådet representerer alle lag i Osterøy kommune som er tilslutta NIF.

Idrettsrådet fungerer som eit rådgjevande organ i forhold til kommunale saker som vedrører idretten ikommunen. Idrettsrådet skal sjå heilskapen i idrettslivet i kommunen og informere kommunen om sine synspunkt. Idrettsrådet skal rutinemessig få tilsendt saker som omhandlar utbygging av bustadområder/endra ddisponering av areal, til høyring.

### 3. Samarbeidet

Osterøy idrettsråd er dei lokale idrettslaga sin interesseorganisasjon.

Idrettsrådet skal vurdere søknader om anlegg/nybygg frå idrettslaga og foreta prioriteringar av ulike yypar anlegg, som innspel til rullering av handlingsprogram til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Idrettsrådet mottar søknader om drift- og vedlikehaldsmidlar frå laga og førebur desse til sakshandsaming. Kommunen har ansvar for sakshandsaminga. Idrettsrådet vurderer søknadane, set opp eit forslag, og sender forslaget til kommunen. Inntil 2 % av drifts- og vedlikehaldsmidlane kan verte nytta til drift av idrettsrådet.

Det er eit hovudprinsipp at saker klubbane ynskjer å fremje til kommunen, og som er av prinsipiell karakter, skal leggest fram for idrettsrådet til uttale. Ein eventuell uttale frå idrettsrådet skal følgje saka og ligge til grunn for administrative eller politiske vedtak.

Dette hindrar likevel ikkje at idrettsråd og kommune kan avtale at ei sak vert handsama gjennom direkte kontakt mellom idrettslag og kommune.



## Osterøy kommune

Kultur og mangfald

Idrettsrådet kan òg medverke i saker i Osterøy kommune på andre måtar, til dømes ved å vere representert i arbeids- og prosjektgrupper. Idrettsrådet er òg kommunen sitt kontaktpunkt ut mot idretten og koordinerande ledd ved samarbeidsprosjekt og tiltak.

All kommunikasjon mellom Osterøy kommune og Osterøy idrettsråd skal vere open og basert på gjensidig tillit.

### Høyringsrett

Osterøy idrettsråd har høyringsrett i alle saker som direkte gjeld idretten eller som har konsekvensar for idretten.

### Administrative og politiske møter

Kommuneadministrasjonen har høve til å vere representert og møte i idrettsrådet som observatør. Det er ynskjelig at kommunen er representert på årsmøtet til idrettsrådet. Minst ein gang per år skal idrettsrådet kallast inn til møte for å drøfte forhold for idrett i kommunen. Det er ynskjelig med eit møte i løpet av juni, og det er kommunen som kallar inn til disse møtene.

### Informasjonsmøte

Dersom det skjer store endringar/omleggingar av til dømes tilskotsordningar, skal Osterøy kommune informere idrettsrådet.

#### 4. Revisjon/oppseiing av avtalen

Osterøy kommune skal utarbeide ny Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Denne er venta å verte vedtatt i oktober 2022. Det er hensiktsmessig å revidere avtalen i etterkant av at ny kommunedelplan vert vedtatt. Avtalen skal difor reviderast seinast i juni 2023.

Partane kan endre avtalen dersom ein er samde om det. Kvar av partane kan sei opp avtalen, men må varsle om dette 6 månader på førehand.

Osterøy 16.08.2021

  
Osterøy kommune

  
Osterøy idrettsråd